



NAUSTDAL KOMMUNE
SEKSJON LANDBRUK OG PLAN

INSTEDALEN SKIANLEGG AS
v/ÅSMUND BERTHELTSEN

6817 NAUSTDAL


Sakshandsamar:
Henning Malones
Telefon:
57 81 61 29
Vår ref.
HM/10/100-80/K2-K01
Dykkar ref.

Dato:
04.02.2015

**SØKNAD OM LØYVE TIL Å KØYRE SKILØYPE MED SNØSKUTER
FRÅ VONAVATNET TIL FOSSELVKRÅA**

Vedtak i delegert sak 007 / 15 - plan og næring, ligg vedlagt.

Med helsing


Henning Malones
Sakshandsamar


Harald Eikenes
Seksjonsleiar

NAUSTDAL KOMMUNE

VEDTAKSPROTOKOLL

Delegert sak

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshandsamar
DELEGERT SAK PLAN OG NÆRING	04.02.2015	007/15	HM

Avgjerd av: Saksansv .: Henning Malones	Arkiv: K2-K01 Objekt:	Arkivsaknr 10/100
---	--	-----------------------------

SØKNAD OM LØYVE TIL Å KØYRE SKILØYPE MED SNØSKUTER FRÅ VONAVATNET TIL FOSSELVKRÅA

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
46	U	08.02.2013	NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS	SØKNAD OM LØYVE TIL Å KØYRE MED SNØSKUTER I UTMARK I NAUSTDAL KOMMUNE - NAUSTDAL RØDE KORS HJELPEKORPS.
77	I	01.02.2015	Instedalen skianlegg AS v/ Åsmune Berthelsen	Søknad om løyve til å køyre skiløype med snøskuter frå Vona til fosselvekråa
78	U	04.02.2015	INSTEDALEN SKIANLEGG AS	Søknad om løyve til å køyre skiløype med snøskuter frå Vona til fosselvekråa

Saksopplysningar:

Instedalen Skianlegg AS søker om løyve til å nytte snøskuter til løypekøyring frå januar til April frå Vonavatnet til Fosselvekråa i Naustdal kommune. Søknaden gjeld same trase og med same vilkår som i gjeve løyve i delegert sak 108/12 , plan og næring.

Vurdering av saka:

Naustdal kommune gav Instedalen Skianlegg løyve til å nytte snøskuter til løypekøyring i delegert sak 108/12 . Dette vedtaket vart påklaga av villreinnemnda og privatpersonar. Klima

og miljødepartementet fatta endeleg vedtak i saka og klagane vart ikkje tatt til følge. (brev 10.09.2014 ref. 13/1056)

Denne søknaden kjem no på nytt då mellom anna tidspunkt for løyvet gjekk ut i 2013.

Saka er og handsama på nytt av verneområdestyret for Naustdal-Gjengedal etter naturmangfaldslova § 48 der løyve vart gjeve. (sak 5/15)

Vurdering av tiltaket i høve Naturmangfaldslova :

§ 7, dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12 skal vurderast og takast omsyn til i samband med søknaden.

- Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 er svært godt belyst i samband med verneprosessen og klagehandsaminga i sak 108/12.
- Førre-var prinsippet jf. § 9 er ivareteke då villeinen sjeldan ferdast i omsøkt løypetrase, men for det meste held til lengre nord i verneområdet.
- Økosystembelastning og samla belastning jf. § 10 er minimal ved oppkøyring av løyper på snøføre ein tur i veka.
- Kostnader ved miljøføringelse jf. § 11 er uaktuell.
- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar jf. § 12 er ivaretatt ved at det er ingen terrenginggrep ved oppkøyring av løyper på snøføre.

Vedtak:

Med heimel i delegert mynde og i medhald av *Lov om motorferdsel i utmark § 6 (LOV 1977-06-10 nr. 82)* og tilhøyrande *forskrift for bruk av motorkøyrety i utmark og på islagte vassdrag §§ 3e og 5a (FOR 1988-05-15-nr. 356)* gjev Naustdal kommune Instedalen Skianlegg AS løyve til å nytte snøskuter med sporsetjar til å køyre opp løype frå Vonavatnet til Fosselvkråa.

Løyvet vert gjeve med desse vilkåra :

1 : Tidsrom : Sesongen 2015 og 2016. Ein gong i veka i tidsrommet 01.01 – 01.04.

Det skal ikkje køyrast på søndager og andre heilagdaggar.

2 : Trase : Trase for sporkøyring er frå Vonavatnet til Fosselvkråa etter vedlagt kartplan.

3 : Løyve frå grunneigarar : Løyvehavar må sjølv syte for å skaffe seg grunneigarløyve.


4 : Tilhøve til villrein : Det skal ikkje køyrast dersom villreinen ferdast i området. Statens naturoppsyn kan stoppe køyring dersom omsynet til villreinen krev det.


5 : Logg over køyring : Det skal førast logg over all køyring i tråd med løyvet. Loggen skal innehalde dato, tidspunkt, strekning og ansvarleg sjåfør. Loggen skal leverast til Naustdal kommune etter 01.04 kvart år eller på førespurnad.

Kopi til :

Øvre Naustdal utmarkslag v/Normund Svoen

Naustdal – Gjengedal verneområdestyre v/Alf Erik Røyrvik




Naustdal kommune
Grunnkart
 Målestokk: 1:20 000
 Dato 17.12.2012



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen. Ellers står ikke kommunen ansvarlig.